

# Instruks for tilsette i Bømlo kommune for avgrensing av smitte

Situasjonsbilette når det gjeld koronaviruset (Covid-19) endrar seg kontinuerleg. I takt med nye råd og retningslinjer frå nasjonale hald og kommunar kring oss er det derfor naturleg at Bømlo kommune oppdatera råd og retningslinjer internt.

Vår primære oppgåva er å oppretthalde kommunale tenester og vere førebudd på å takla andre utførtsette hendingar i tillegg til å handtera ein pandemi. Konsekvensen av at mange på Bømlo vert smitta eller sett i karantene kan få følger for våre tenester og me lever etter føre var prinsippet. Som tilsett i Bømlo kommune har du eit samfunnsansvar og det er viktig at me er solidariske med kvarandre.

**Me sender framover berre ut oppdatert/ny informasjon. Har du spørsmål eller er usikker på kva som gjeld sjekk ber me om at du sjekkar fhi.no eller tar kontakt med personalavdelinga for hjelp!**

**Informasjon er oppdatert 29.05.2020.**

## 1. Endring i reglar om eigenmelding frå 1. juni

Frå og med 1. juni vert dei midlertidige reglane om eigenmelding som vart innført som ein følge av pandemien reversert. Det betyr at me som tilsette ikkje lenger kan nytta eigenmelding i heile arbeidsgjevarperioden (altså dei første 16 dagane). No er det 8 dagar som gjeld. Oppteningstida for å nytte eigenmelding er igjen 2 månader.

## 2. Sjuke personar skal halda seg heima

FHI presiserer at det er viktig at personar med milde luftvegsymptom ikkje møter fysisk på arbeid eller i andre settingar der ein kan møte andre. Symptom på covid-19 kan vera milde og vanskelege å skilja frå andre luftvegsinfeksjonar.

Pr i dag er det låg smittespreiing i Bømlo kommune, og det er god testkapasitet. Opplever ein vedvarande milde symptom, anbefaler kommuneoverlege Kjersti Follesø at ein blir vurdert for testing. Dersom testen er negativ kan ein i samråd med lege vurdere om ein då likevel kan møte fysisk på arbeid.

## 3. Lunsj og pausar

Kantina på rådhuset og BBH er framleis stengt for servering av mat – ein kan nytte lokala til å eta mat ein har med. No når fleire er tilbake frå heimekontor er det ekstra viktig at me tek omsyn til smittevern ved avvikling av lunsj/pausar.

Aud Gunn Løklingholm  
Konstituert rådmann

*Dokumentet er godkjent elektronisk.*